



Brev til føresette i Syngende skole

Skulen din er ein *Syngende skole* 2016/2017! Skulen vart plukka ut blant mange søkjarar, og til saman er det 31 *Syngende skoler* i 16 fylke dette skuleåret, 22 av desse var også med i fjor. *Syngende skole* er ein del av *Krafttak for Sang*, og får midlar av kulturdepartementet.

Syngende skole har utspring i eit ønskje om å sikre songen sin plass i den norske skulekvardagen på linje med naturfag, matematikk og leseundervisning. Song var tidlegare eit viktig område i lærarutdanninga og ein naturleg del av skulekvardagen for alle born i grunnskulen. I dag ser me derimot at kompetanse og aktivitet varierer i stor grad frå skule til skule og kan ikkje lenger garanterast for alle elevar. Forskingsrapportar peikar i tillegg på at song og felles utøving av musikk har positiv effekt både på kognitive prosessar, motivasjon og psykisk helse (les meir om dette på www.syngendeskole.no). Me ønskjer at alle elevar, tilsette og foreldre i den syngande skulen skal få syngje meir, oftare og betre, og dermed ta del i å skape eit godt psykososialt og læringsfremjande miljø. Song kan førebyggje mobbing og bidra til ein naturleg og positiv integrering av born frå andre kulturar og språk. Gjennom songen vert det også skapt tradisjonar og repertoar som vert felleseige for alle born og vaksne på skulen – uansett sosial eller geografisk bakgrunn og alder. *Syngende skole* vil kunna bidra til at skulen kan utvide nettverket sitt i lokalmiljøet, få ei tettare kontakt med foreldre og familiar, og bidra til at skulen kan vera ei aktiv drivkraft for song i lokalmiljøet. Gjennom satsinga ønskjer me at skulen også skaper eit repertoar som kan vera felles for borna, foreldra og familiane. Ikkje minst ønskjer me å sikre at både elevane og lærarane får eit sunt og medvite forhold til si eiga tale- og songstemme.

I praksis vil dette seie at lærarane vert oppmoda til å nytte song som ein del av den vanlege undervisninga. Lærarane deltek på seminar i regi av oss, og skulen mottek songhefta *Syng det!* med enkle og morosame songar. På skulen vil du sjå plakatar med logofuglen vår Syngve, og kanskje dukkar han og opp på periodeplanar og ranselpost. Elevane kan verte songambassadørar som hjelper læraren med å velja ut songar og setje i gong å syngje. Eit utval lærarar utgjer kjernetroppen som har ansvar for å etablere eit felles repertoar for skulen. Som føresett i ein *Syngende skole* oppmodar me deg til å støtte opp om satsinga ved å møte opp på samlingar og arrangement, spørje borna kva dei har sunge og kanskje la dei få lære deg ein song? Foreslå meir enn gjerne songar til skulen sitt repertoar dersom det er songar du er glad i og som du ønskjer skal gå i arv til komande generasjonar. Me veit at mange har glede av å syngje sjølv – kva med å starte eit foreldrekor og overraske elevane på jule- eller sumaravslutninga?

Besøk www.syngendeskole.no for meir informasjon, eller snakk med kjernetroppen på skulen din. Du er og velkomen til å ta kontakt med oss i Musikk i Skolen, som er operatør for *Syngende skole*.

Med venleg helsing



Musikk i Skolen

v/Anja Øvrebø Brotnow